



Rolf Tuv Aakvik  
Haukedalsveien 69  
5113 TERTNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6699 - 14/24135


Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.10.2014

## Arkivering av søknad om annekset utan handsaming - gbnr 61/16 Skotsund

Søknaden som gjeld oppføring av annekset arkiverast utan handsaming då den er i strid med fleire punkt:

- Annekset kan ikkje søkast om av tiltakshavar då det skal brukast til busetnad/rom for varig opphald, og såleis er i strid med Forskrift om byggesak (SAK) § 3-1 b. Dette inneber at tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova § 20-1, og ikkje § 20-2 som det er søkt om.
- Annekset er i strid med byggegrensa mot sjø, jf. arealplankartet til *Kommuneplanen for Lindås 2011-2023*. Byggegrensa er vist med grå stiplet linje:



- Ut frå fotodokumentasjon og gjennomgang av arkivet, kan det sjå ut som om det er nokre søknadspliktige tiltak som ikkje er godkjent på eigedommen, og det er ting som tyder på at eigedommen allereie kan vere utbygd meir enn tillete. Vi vil gjere merksam på punkt 2.20 i *Kommuneplanen*:



«Fritidsbustader skal ha ein maksimal storleik på 120 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA), tomtene skal ikkje vere større enn 1,5 dekar og bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20%. Dersom parkeringa skjer inne på tomten, skal parkeringsareal ikkje reknast med i BRA, men inngår likevel i BYA. Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5.»

Ut frå momenta ovenfrå og den samstundes søknaden om oppføring av vinterhage – med separat saksnr: 14/6698 - ønskjer vi å invitere til eit møte for å gå gjennom momenta og sjå på moglegheitene. Dette kan vi avtale pr mail.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Rolf Tuv Aakvik

Haukedalsveien 69 5113

TERTNES